



Ungdomslaget har gjort ein stor innsats for Helgheim. No står innvendig måling oppe att

**På dei siste 7 åra er det satsa 1,246 000 kroner på opprusting av Helgheim og no har revisjonsfirmaet Deloitte i Haugesund ved ein kontroll ikkje avdekket nokon vesentlege feil eller avvik. Firmaet si oppgåve har vore å kontrollere at rekneskapa er i samsvar med retningslinene til Kulturdepartementet.**

Deloitte har mellom anna konstatert at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som ein del av dei tilskotsberettiga kostnadane.

Firmaet slår ellers mellom anna fast at det er eit klårt skille mellom byggerekneskapa og den øvrige drift, at verdien av dugnad, gåver (ikkje pengegåver) og rabattar er i samsvar med budsjettet som fylkeskommunen har godkjent og at utgiftane er tilfredsstillande dokumentert.

Det som er gjort på Helgheim er utvendig måling, nye vindauge, sliping av golv, montering av varmepumpe, nytt elektrisk anlegg, nytt tak, branndører, nytt kjøken og nytt toalettanlegg. Kjøken og toalettanlegg har vore dei største satsingane, kvar med utgifter på over 300 000 kroner.

Det er utbetalt i overkant av 400 000 i spelemidlar og utført dugnad for 215 000 kroner. Kommunen har skote inn 120 000.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

